



## Rapport frå inspeksjon ved Johs Lundal & Sønner AS nr. 2010.009

---

Verksemda sitt namn: Johs Lundal & Sønner

Arkivkode: 10/65168

Verksemda si adresse: Teigland, 5590 Etne

Anleggsnr: 1211.0006.01

Organisasjonsnr.: 971 731 311

Utsleppsløyve av: 13. november 1981

Tidsrom for kontrollen: 16. september 2010

Til stades frå

verksemda: Magne Vidar Lundal  
Siri Lundal Hustveit

Til stades frå

Fylkesmannen: Sissel Storebø  
Nina Vadøy Antonsen

---

### Rapporten inneheld :

Rapporten skildrar dei avvika som vart funne på område med søkjelys på ytre miljø.

### Hovudkonklusjon :

Under inspeksjonen vart det påvist følgjande avvik:

1. Verksemda oppfyller ikkje regelverket om utfasing av kondensatorar i lysarmatur med PCB
2. Verksemda kan ikkje dokumentere vidarelevering av farleg avfall og bruk av deklarasjonsskjema
3. Internkontrollen har manglar

Frist for å rette avvik 1 er sett til 1. november 2010, medan frist for å rette avvik 2 og 3 er sett til 1. februar 2011.

---

Utarbeida dato : 20.09.10

Nina Vadøy Antonsen  
Nina Vadøy Antonsen  
overingeniør

Godkjent dato: 20.09.10

Kjell Kvingedal  
Kjell Kvingedal  
seksjonssjef

---

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeida etter ein inspeksjon ved Johs Lundal & Sønner AS den 16. september 2010. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt arbeid med å handheve gjeldande krav for å verne det ytre miljø. Inspeksjonen fokuserer på at krava skal følgjast og rapporten skildrar avvik og merknader som vart funne under inspeksjonen. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar på eit avvik og ein merknad er slik:

AVVIK blir definert som brot på vilkår gitt i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter.

MERKNAD er eit tilhøve som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og blir lagt ut på vår nettstad <http://www.fylkesmannen.no/hordaland>.

## 2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- forureiningslova § 7 første ledd/andre ledd
- produktkontrolllova
- produktforskrifta § 3-1
- internkontrollforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- utsleppsløyve av 13. november 1981
- verksemda sin eigen dokumentasjon som vart lagt fram ved inspeksjonen

## 3. Omfang

Følgjande område vart dekkja under inspeksjonen:

- internkontroll med vekt på risikovurderingar, avvikshandtering og ytre miljø
- utslepp til ytre miljø
- drift av avløpssystemet, under dette feittavskiljar
- handtering av avfall, farleg avfall og kjemikalium
- kontroll og overvaking
- krav i utsleppsløyve av 13. november 1981

Fylkesmannen har under inspeksjonen ikkje vurdert andre tilhøve ved verksemda

## 4. Avvik

### Avvik 1

**Verksemda oppfyller ikkje regelverket om utfasing av kondensatorar i lysarmatur med PCB**

**Avvik frå:**

*Produktforskrifta § 3-1*

**Kommentarar**

Verksemda har i bruk kondensatorar med PCB som skulle vore skifta ut før 1. januar 2008. Verksemda har skifta ut fleire av kondensatorane med PCB, men det er om lag 10 igjen som ikkje er skifta. Produktforskrifta 3-1 fastsett krav til produkt som inneheld PCB. Krava inneber blant anna forbod mot å ta i bruk og gjenbruke produkt med PCB. Det er også forbode å bruke kondensatorar i innandørs og utandørs lysrørarmaturar produsert frå 1965 – 79.

### Avvik 2

**Verksemda kan ikkje dokumentere vidarelevering av farleg avfall og bruk av deklarasjonsskjema**

**Avvik frå:**

*Avfallsforskrifta kapittel § 11-12*

**Kommentarar**

Verksemda fyller ikkje ut deklarasjonsskjema ved levering av farleg avfall og kunne ikkje dokumentere at deira farlege avfall er levert. Verksemdar som leverer farleg avfall skal gi tilstrekkelege opplysningar om kvar avfallet kjem frå, innhald og kva eigenskapar det har, slik at vidare handtering av det farlege avfallet kan skje på ein forsvarleg måte.

Når avfallet blir levert skal verksemda fylle ut eit deklarasjonsskjema. Emballasjen må verksemda merke tydeleg med løpenummeret til deklarasjonsskjemaet. Merkinga må tåle fysiske og klimatiske påverknadar.

Drifta ved anlegget dannar små mengder farleg avfall.

### Avvik 3

**Internkontrollen har manglar**

**Avvik frå:**

*Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7*

**Kommentarar**

Verksemda har ein internkontroll som omfattar ytre miljø og som vart oppdatert sist i 2010. Denne inkluderer ikkje skriftleg rutine for handtering av farleg avfall og for tømning av feittavskiljar med dokumentasjon på at denne faktisk blir tømt.

Verksemda har risikovurdert nokre farar og problem for ytre miljø, men risikovurderinga inkluderer ikkje feittavskiljar. Verksemda bør vurdere om det også er andre farar og problem med omsyn til ytre miljø som bør vere med i risikovurderinga.

## **5. Merknader**

Fylkesmannen har ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

## **6. Andre tilhøve**

### Utsleppsløyve

Verksemda har eit eldre utsleppsløyve frå Statens forureiningstilsyn, no Klima- og forureiningsdirektoratet, datert 13. november 1981. Fylkesmannen vil revidere utsleppsløyvet.